

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

**Vår dato:** 08.09.2022

**Vår ref.:** 202214780-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 21/10649 - 22/15599

**Sakshandsamar:** Margit Sandem

Fjellengen, masf@nve.no

## **NVE si fråsegn - Søknad om dispensasjon for oppføring av garasje med loft - Gnr. 339 bnr. 45, Gaustad - Alver kommune**

Vi viser til brev med høyring av dispensasjonssøknad datert 14.08.2022.

### **Om NVE**

NVE er myndigheit for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til tryggleik mot flaum-, erosjons- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn samt anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har og ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skadar frå naturfarar og overvatn ved å byggje opp og leggja til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag og gi rettleiing.

### **NVE si fråsegn**

Søknaden gjeld dispensasjon frå arealføremål og byggjegrænse mot vassdrag fastsett i kommuneplanen sin arealdel. Byggjeforbodet er på 50 meter, og tiltaket føreslår plassering av garasje kring 10 meter frå vassdraget.

Plasseringa for garasjen ligg i aktsemdområde for flaum, der maksimal vasstandstiging forventast å være 1,8 m, jf. [NVE atlas](#). Plasseringa ligg og mellom to vassrøyr/kulvertar. I ein situasjon der kapasiteten i vassrøyra er for liten, og/eller dei går tett, kan vatn fløyme over vegen. Vasstandstiginga kan då verte meir en 1,8 m.

Små tiltak, til dømes tilbygg inntil 50 m<sup>2</sup>, naust og garasje, fell inn under tryggleiksklasse F1 (20-årsflaum). Kommunen må sjølvstendig vurdere om tiltaket fell inn under tryggleiksklasse F1.

Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2 har tryggleikskrav for F1-tiltak. Kravet vert oppfylt ved å plassere byggverket utanfor flaum- og erosjonsutsatt område, ved å sikre tiltaket, eller å dimensjonere og konstruere byggverket slik at belastningane kan handterast.



For meir rettleiing om fare for flaum, erosjon og avstand til vassdrag visar vi til NVE sin rettleiar 2/2011 [Flaum- og skredfare i arealplanar \(revidert 22. mai 2014\)](#), og [kartbasert veiledning for reguleringsplan nr. 5 og 6](#).

### **Rettleiing for tiltak som ligg nære vassdrag**

For tiltak som ligg i nærleik til vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er ivareteke. Den generelle aktsemdsplikten for tiltak i vassdrag ([vassressurslova](#) § 5) slår fast at ein skal opptre aktsamt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for ålmenne eller private interesser.

Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring, skal det oppretthaldast eit begrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr (vassressurslova § 11).

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen  
Førstekonsulent

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

Alver kommune